



Kinn kommune

Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Måløy rådhus, formannskapssalen 3. etg
Dato:	26.03.2026
Tid:	Kl. 08:15 - 14:10

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Anett Berg	Kinn FrP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Mats Brunsvik	Kinn FrP
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Kjell Magne Kvalheim	Kinn FrP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP	Lillian Bratholmen	Kinn FrP
Jacob André Telvik	Kinn V	Anne Marit	Kinn V
Nødseth		Seljeseth	

Frå administrasjonen møtte:
Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør
Runa Nybakk, kommunalsjef
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef
Norvall Bakke, kommunalsjef
Oddgeir Nygård, prosjektsjef
Iris Gangeskar, konsulent
Mari Halsør, konsulent

Ymse:
Repr. Djuvik (FrP) fekk permisjon kl 12.00 - 13.15.
Vararepr. Kvalheim (FrP) tiltredde difor i sak 042/26.

Synfaringar:
Ellingskarhornet
Vågsøy ungdomsskule
Byggetomta til Skram skole

Måløy, 27.03.2026

Bengt Solheim-Olsen
Ordfører

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
031/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
032/26	Godkjenning av møteprotokoll
033/26	Spørsmål
034/26	Orienteringar
035/26	Refererte skriv og meldingar
036/26	Status Albertatunet
037/26	Kapasitet og utfordringar med innsynskrav
038/26	Interessehevding og strategisk viktige saker for Kinn kommune
039/26	Eigarskapsmelding - oppdatert mars 2026
040/26	Rebudsjettering av unytta investeringsløyving per 31.12.2025
041/26	Prosjektplan ved M-1 (analyse - frys) for prosjekt 51045 - Florø barneskole inkl. ny gymsal
042/26	Vurdering av bassengalternativ i Måløy
043/26	Uttale til kommunekommisjonen del 1
044/26	Søknad om fritak frå eigedomsskatt for 2026 (2) etter § 28
045/26	Interpellasjonar
001/26	Interpellasjon - Kinn bør bli medlemskommune i Ungt Entreprenørskap

031/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ordførar orienterer om ei endring i rekkefølge av saklista. Sakene 34, 41 og 42 vert behandla tidleg i møtet.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding, samt endringsframlegg frå ordførar, samrøystes godkjent.

FORM- 031/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

032/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

FrP v/repr. Djuvik bemerker at protokollen er unnateke offentlegheita og heller ikkje tilgjengeleg i møteportalen. Ber om at dette vert ordna.

FORM- 032/26 Vedtak:

Møteprotokollen må gjerast tilgjengeleg.

033/26: Spørsmål

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

FrP v/repr. Djuvik informerer om møte i gruppeleiarutvalet dagen før, der orienteringssak om digital handtering av politiske møter vart behandla. Det var ønske om at saka skulle til formannskapet, men sidan dette er ei orienteringssak, vurderast det at saka allereie jobbast med og at systemet skal implementerast. Formannskapet vedtek samrøystes å sette orienteringssaka opp som RS-sak i neste formannskapsmøte.

FrP v/repr. Berg stiller spørsmål om det har vore samtaler med grendalaget i Refvik vedrørende toalettsituasjonen ved Refviksanden.
Kommunedirektøren informerer om at det er gjennomført samtaler.

SV v/repr. Olafsson etterspør status rundt veterinærvakta.
Kommunalsjef Sund: Kommunen har fått på plass ei avtale med dei tre eksisterande veterinærane ut året 2026 og har ein dialog med dei for dei neste åra.
Det er ei helg i april det ikkje er veterinærvakt i løpet av resten av 2026.

Røysting:

Ingen røysting.

FORM- 033/26 Vedtak:

Ingen røysting, ingen vedtak.

034/26: Orienteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Orientering om investeringsprosjekta i Kinn kommune v/prosjektsjef Oddgeir Nygård.
Presentasjonen vert lagt ved saka.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedlegg samrøystes vedteke.

FORM- 034/26 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

035/26: Refererte skriv og meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FORM- 035/26 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

036/26: Status Albertatunet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedlegg samrøystes vedteke.

FORM- 036/26 Vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 24.03.2026:

Norunn Stavø orienterte i møtet.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HSOUV- 017/26 Vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande

037/26: Kapasitet og utfordringar med innsynskrav

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringa til vitande

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt

Formannskapet tek ikkje orienteringa til vitande slik saka ligg føre.

Formannskapet ber kommunedirektøren kome tilbake med ei ny sak der:

- a) omfanget av innsynskrav, klager og tilhøyrande saksbehandling blir talfesta og dokumentert, inkludert utvikling over tid og estimert ressursbruk
- b) det blir skilt tydeleg mellom innsynskrav, samanstillingskrav, rettleiing, klager og andre førespurnader
- c) kommunen sine eigne forbetningsområde blir vurderte, mellom anna journalføring, publisering, tilgjengelegheit og kvaliteten på førstegongsbehandling
- d) det blir lagt fram konkrete tiltak og alternative løysingar for å handtere arbeidsbelastninga innanfor rammene av offentleglova og forvaltningslova
- e) eventuelle behov for auka bemanning eller systemendringar blir fagleg grunngjevne og kostnadsberekna

Formannskapet understrekar at retten til innsyn er ein grunnleggjande demokratisk rett og ein viktig del av kontrollen med offentlig forvaltning.

Formannskapet ber om at saka kjem tilbake i ei meir nøktern, faktabasert og analytisk form, slik at dei folkevalde får eit betre grunnlag for vidare drøfting.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedlegg samrøystes vedteke.

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson falt med ei røyst frå Raudt v/Henriksson.

FORM- 037/26 Vedtak:

Formannskapet tek orienteringa til vitande

038/26: Interessehevdning og strategisk viktige saker for Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune følger opp strategisk viktig saker for Kinn kommune som det går fram av saka.

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedlegg samrøystes vedteke.

FORM- 038/26 Vedtak:

Kinn kommune følger opp strategisk viktig saker for Kinn kommune som det går fram av saka.

039/26: Eigarskapsmelding - oppdatert mars 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eigarskapsmelding vert godkjend slik den ligg føre.

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

FrP v/repr. Djuvik meiner saka skulle vidare til kommunestyret, og ikkje innom formannskapet igjen. Ber om at saka frå formannskapet 24.02.2026 vert sendt over til kommunestyret med oppdatert eigarskapsoversikt og innstilling frå formannskapet.

Røysting:

Framlegg frå FrP v/repr. Djuvik samrøystes vedteke.

FORM- 039/26 Vedtak:

Saka frå formannskapet 24.02.2026 vert sendt over til kommunestyret med oppdatert eigarskapsoversikt og innstillinga frå formannskapet.

040/26: Rebudsjettering av unytta investeringsløyving per 31.12.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar per 31.12.2025 slik det går fram

av vedlagt tabell i saka, med ein samla sum på brutto løyving 106,464 millionar kroner. Av dette 26,186 millionar kroner i momskompensasjon og 80,278 millionar kroner i låneopptak.

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedlegg samrøystes vedteke.

FORM- 040/26 Vedtak:

Kinn kommunestyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar per 31.12.2025 slik det går fram av vedlagt tabell i saka, med ein samla sum på brutto løyving 106,464 millionar kroner. Av dette 26,186 millionar kroner i momskompensasjon og 80,278 millionar kroner i låneopptak.

041/26: Prosjektplan ved M-1 (analyse - frys) for prosjekt 51045 - Florø barneskole inkl. ny gymsal

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjektplan ved M-1 godkjennast for vidare arbeid
2. Det skal setjast av 0,5 % av seinare estimert entreprisekostnad for kunstnarisk utsmykking i prosjektet (Likt Skram skule).

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 24.03.2026

1. Prosjektplan ved M-1 godkjennast for vidare arbeid
2. Det skal setjast av 0,5 % av seinare estimert entreprisekostnad for kunstnarisk utsmykking i prosjektet (Likt Skram skule).

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Røysting:

Innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedteke.

FORM- 041/26 Vedtak:

1. Prosjektplan ved M-1 godkjennast for vidare arbeid
2. Det skal setjast av 0,5 % av seinare estimert entreprisekostnad for kunstnarisk utsmykking i prosjektet (Likt Skram skule).

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 24.03.2026:

Utvalsleiar Hilmar Eliasson (UAH) melder seg inhabil etter kommunelova § 11-10, i saka med bakgrunn i at hans firma iVest Consult AS er delaktiv i prosjektering. Oppvekst- og kulturutvalet vedtek samrøystes Hilmar Eliasson som inhabil i handsaminga av saka. Repr. Eliasson fråtrer og repr. Seljeseth (V) tiltretr som vara. Nestleiar Almenning Kvalheim tek over som møteleiar i saka.

Prosjektsjef Oddgeir Nygård orienterer.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 037/26 Vedtak:

1. Prosjektplan ved M-1 godkjennast for vidare arbeid
2. Det skal setjast av 0,5 % av seinare estimert entreprisekostnad for kunstnarisk utsmykking i prosjektet (Likt Skram skule).

042/26: Vurdering av bassengalternativ i Måløy**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vil samarbeide med Nordfjordbadet om å utvikle eit bassengtilbod i Måløy.

Eventuell kommunal involvering i prosjektet blir å kome tilbake til når prosjektet er kome til ein modenheit, som tilfredsstille dei krava som kommune stille til prosjekt, prosjektgjennomføring og innarbeiding i økonomiplan

Administrasjonen skal støtte Nordfjordbadet med prosjektfagleg vegleiing. Ansvar for prosjektet skal fortsett liggje hjå initiativtakar/selskap.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 24.03.2026

Kommunestyret vil samarbeide med Nordfjordbadet om å utvikle eit bassengtilbod i Måløy. Eventuell kommunal involvering i prosjektet blir å kome tilbake til når prosjektet er kome til ein modenheit, som tilfredsstille dei krava som kommune stille til prosjekt, prosjektgjennomføring og innarbeiding i økonomiplan.

Administrasjonen skal støtte Nordfjordbadet med prosjektfagleg vegleiing. Ansvar for prosjektet skal fortsett liggje hjå initiativtakar/selskap.

Innspel frå Skavøypoll Idrettslag ang. sak 042/26 kom medlemmane i utvalet i hende rett før, til dels under møtet i OK-utvalet. Vi ber om at sak 042/26 vert behandla slik den opprinneleg ligg føre, og at innspelet frå Skavøypoll Idrettslag vert sendt over til formannskapet og kommunestyret til ev. vidare behandling.

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt
Kommunestyret vel å samarbeide med Skaredammen SA om å utvikle eit bassengtilbod på Skaredammen på Raudeberg.

Forslag fra H, Ap, SV og Frp, foreslått av Mats Brunsvik, Kinn Fremskrittsparti
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret vil samarbeide med Nordfjordbadet om å utvikle eit bassengtilbod i Måløy.

Eventuell kommunal involvering i prosjektet blir å kome tilbake til når prosjektet er kome til ein modenheit, som tilfredsstille dei krava som kommune stille til prosjekt, prosjektgjennomføring og innarbeiding i økonomiplan

Administrasjonen skal støtte Nordfjordbadet med prosjektfagleg vegleiing. Ansvar for prosjektet skal fortsett liggje hjå initiativtakar/selskap.

Repr. Djuvik (FrP) fekk permisjon kl 12.00-13.15.
Vararepr. Kvalheim (FrP) tiltredde i saka.

Røysting:

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson vert sett opp mot framlegg frå H, AP, SV og FrP v/repr. Brunsvik og falt med tre røyster frå Raudt, SP, og Venstre.

FORM- 042/26 Vedtak:

Kommunestyret vil samarbeide med Nordfjordbadet om å utvikle eit bassengtilbod i Måløy.

Eventuell kommunal involvering i prosjektet blir å kome tilbake til når prosjektet er kome til ein modenheit, som tilfredsstille dei krava som kommune stille til prosjekt, prosjektgjennomføring og innarbeiding i økonomiplan

Administrasjonen skal støtte Nordfjordbadet med prosjektfagleg vegleiing. Ansvar for prosjektet skal fortsett liggje hjå initiativtakar/selskap.

043/26: Uttale til kommunekommisjonen del 1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune støttar KS sitt innspel til kommunekommisjonen

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Forslag til Høyringsuttale frå Raudt – NOU 2026: 1 «En bærekraftig kommunesektor», foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Raudt

Kinn kommunestyre viser til høyring av NOU 2026: 1 En bærekraftig kommunesektor.

Overordna vurdering

Kinn kommunestyre meiner utgreiinga i for liten grad tek inn over seg den reelle økonomiske krisa i kommunesektoren. Hovudutfordringa er ikkje for høge krav, men for låg finansiering. Ei bærekraftig kommunesektor føreset at kommunane har tilstrekkelege ressursar til å levere lovpålagde tenester.

Kommuneøkonomi

Kommunane har over tid fått fleire oppgåver utan tilsvarende finansiering. Kinn kommunestyre meiner staten må:

- auke dei frie inntektene til kommunane
- fullfinansiere nye oppgåver
- styrkje omfordelinga i inntektssystemet

Kommuneøkonomi må vere eit hovudtema i vidare arbeid.

Lærarnorm

Kinn kommunestyre ønskjer å halde på lærarnorma slik den er i dag.

Å flytte norma frå skulenivå til kommunenivå kan framstå som ei god løysing på papiret, men vil kunne skjule store skilnader mellom skular. Enkelte skular kan få for få lærarar og for store klassar, samstundes som kommunen formelt oppfyller krava.

Lærarnorma er eit viktig verkty for å sikre at elevane får tilstrekkeleg oppfølging, lærarstøtte og tid i kvart klasserom. Kinn kommunestyre meiner difor at norma må vidareførast på skulenivå, og at kommunane må få midlar til å oppfylle henne.

Helse og omsorg

Kinn kommunestyre er kritisk til å fjerne lovfesta kompetansekrav. Dette kan svekkje kvalitet og pasienttryggleik. Kompetanse og bemanning må styrkjast, ikkje svekkjast.

Øyremerkte tilskot

Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskot utan friske midlar vil i praksis kunne føre til kutt i viktige tenester. Særleg gjeld dette tilbod til barn, unge og sårbare grupper.

Geografisk likskap og lokaldemokrati

Forslaga kan auke skilnadene mellom kommunar. Staten må sikre likeverdige tenester uavhengig av bustad og styrkje – ikkje svekkje – lokaldemokratiet.

Vidare arbeid

Kinn kommunestyre ber om at neste delutgreiing:

- tek utgangspunkt i kommuneøkonomien
- vernar og styrkjer bemanningsnormer i skule og barnehage
- gir ei grundig vurdering av fylkeskommunane si rolle og økonomi

Avslutning

Ei berekraftig kommunesektor blir ikkje skapt ved å redusere krav og forventningar, men ved å sikre tilstrekkelege ressursar, høg fagleg kvalitet og likeverdige tenester.

Kinn kommunestyre ber om at dette vert lagt til grunn i det vidare arbeidet.

Formannskapet vedtek samrøystes å utsette saka til kommunestyret.

FORM- 043/26 Vedtak:

Saka utsetjast til kommunestyret.

044/26: Søknad om fritak frå eigedomsskatt for 2026 (2) etter § 28

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

2 søkjar fyller vilkåra for fritak for heile 2026.

1 har søkt om fritak på sin sekundær/fritidsbustad og difor vert søknadene avslått.

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedlegg samrøystes vedteke.

FORM- 044/26 Vedtak:

2 søkjar fyller vilkåra for fritak for heile 2026.

1 har søkt om fritak på sin sekundær/fritidsbustad og difor vert søknadene avslått.

045/26: Interpellasjonar

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Formannskapet vedtek samrøystes å sende interpellasjonen til Oppvekst- og kulturutvalet.

FORM- 045/26 Vedtak:

Interpellasjonen vert sendt til Oppvekst- og kulturutvalet.

001/26: Interpellasjon - Kinn bør bli medlemskommune i Ungt Entreprenørskap

Behandling i Formannskapet 26.03.2026:

Formannskapet vedtek samrøystes å sende interpellasjonen til Oppvekst- og kulturutvalet.

FORM- 001/26 Vedtak:

Interpellasjonen vert sendt til Oppvekst- og kulturutvalet.